



Voss kommune

Arkivsak-dok. 15/02060-2
Saksbehandler Helene Stråtveit

Saksgang
Utval for formannskap/plan og økonomi
Kommunestyret

Møtedato

HØYRINGSUTTALE – HØRING OM SAMMENSLÅINGER AV TINGRETTER

Administrasjonen si innstilling:

Voss kommune syner til høyring – Høringsnotat om sammenslåinger av tingretter, der det m.a. er foreslått å slå saman Bergen tingrett og Nordhordland tingrett. Voss kommune er positiv til ei samanslåing av dei to tingrettane, så lenge det ikkje står i vegen for ei eventuell seinare endring av domstolsstrukturen i indre Hordaland, jf brev frå Justis- og beredskapsdepartementet 11.2.2014 om samanslåing og samlokalisering av tingrett og jordskifterettane.

Departementet syner i sitt høyringsframlegg til «Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon» (kgl. Res 28.11.2014). Ein felles jordskifte- og tingrett for indre Hordaland lokalisert på Voss vil vera ei framtidsretta og god løysing. Organisering av domstolane bør ta geografiske omsyn, dvs unngå for sterk sentralisering på same tid som ein sikrar ei framtidsretta løysing for domstolane og innbyggjarane.

Ei samlokalisering av jordskifte- og tingrett på Voss vil styrka regionen som arbeidsmarknad med auka variasjon i type arbeidsplassar. Det er avgjerande å få på plass kompetansearbeidsplassar som krev høgare utdanning, for å auka attraktiviteten og for å sikra folkeveksten i regionen.

Vedlegg:

Høringsbrev - sammenslåing.docx
Høringsnotater - forslag til sammenslåing av tingretter.pdf
Mogleg samanslåing av jordskifte- og tingrett.pdf

Samandrag av saka:

Justis og beredskapsdepartementet sende 05.06.2015 på høyring framlegg om endring i domstolsstrukturen for ti ulike tingrettar, m.a. framlegg om å slå saman Bergen tingrett og Nordhordland tingrett (side 20- 23). Høyringsfristen er sett til 5. september 2015. Dei to domstolane held til i same bygg i Bergen i dag, og ei samanslåing vil ikkje medføra auka reisetid for innbyggjarane i Voss kommune.

Fakta om saka:

Justis- og beredskapsdepartementet sende 05.06.2015 på høyring forslag til endring i domstolstrukturen for ti ulike tingrettar, bl.a. forslag om å slå saman Bergen tingrett og Nordhordland tingrett.

I høyringsnotatet foreslår departementet at:

«Nordhordland tingrett og Bergen tingrett, som allerede i dag er samlokalisert i Bergen tinghus, slås sammen til én domstol lokalisert i tinghuset i Bergen. Departementet foreslår at den nye domstolen får navnet Bergen tingrett, alternativt Bergen og Nordhordland tingrett.»

Høyringsframlegget byggjer på innspel komne inn etter brev frå Justis og beredskapsdepartementet 11.2.2014 om samanslåing og samlokalisering av tingrett og jordskifterettane. Voss kommune sitt svar på brevet frå Justis- og beredskapsdepartementet er lagt ved saka.

Departementet syner i sitt høyringsframlegg til «Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon» (kgl. Res 28.11.2014).
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Retningslinjer-for-lokalisering-av-statlege-arbeidsplassar-og-statleg-tenesteproduksjon/id2342592/>

«Punkt 2 Formål

Den statlege lokaliseringspolitikken skal, ved oppfølginga av desse retningslinjene, medverke til

- ei fordeling av statlege arbeidsplassar som bidreg til å utvikle robuste arbeidsmarknader i alle delar av landet
- lokalisering av statleg tenesteproduksjon som i størst mogleg grad sikrar befolkninga i alle delar av landet god tilgang til statlege tenester
- at nye og omlokaliserte statlege verksemder i hovudsak blir lokaliserte utanfor Oslo
- at kostnadseffektivitet og effektiv oppgåveløysing vert inkludert i vurderinga av lokaliseringalternativ»

I framlegget som no er på høyring, er det ikkje sagt noko om ei eventuell framtidig samanslåing av jordskifte- og tingrettane.

Administrasjonen si vurdering:

For Voss kommune er det viktig at ei samanslåing av Bergen tingrett og Nordhordland tingrett ikkje hindrar ei framtidig samlokalisering av jordskifte- og tingrett i indre Hordaland på Voss.